

## **Bragdstaup Sivert Mannsverk**

Ein av dei mest allsidige utøvarane som har vore i Jotun. Og har hevda seg i toppen i alle greiner.

Me kunne sjå tidleg at Sivert sin lidenskap for fotballen var stor. Alt på knøttestadiet utmerka han seg som tidleg fotballmoden og ekstremt treningsivrig. På aldersbestemte lag spelte han både med to og tre år eldre spelarar. Han meistra nivået like godt om ikkje betre. Men det var aldri snakk om permanent oppflytting, han kom nedatt og bidrog på eige lag så ofte han kunne.

Ved sidan av fotballen var han aktiv både i friidrett, ski og handball. På 600 m var han blant dei beste løparane i landet og han har framleis tyrvng rekord i liten ball. På skirenn rundt omkring i fylket var han alltid å sjå på toppen av pallen.

Men det skulle til slutt bli fotballen han satsa på. Han har delteke på U landslag kvart år i perioden 2017-2021.

Reiste frå Sogndal til Molde og har etablert seg i fyrsteellvaren på Molde laget.

I tillegg til det sportslege er Sivert ein gut det er veldig lett å sjå opp til. Eit stort førebilete for born og ungdom som veks opp i dag.

For trenarane i Jotun var det ei fryd å ha Sivert i gruppa si.

Han gav alt på trening, aldri noko tull og var ein god ven. Han stiller opp for bygda når han er heime og gir tilbake til klubben i form av gave og stiller opp på arrangement.

Me heiar på deg Sivert og bragdstaup er på sin plass !

IL Jotun